

KRINSTINGET PÅ SKEI

Laurdag 7.april 2018.

Tinget opnar kl. 12.00

Møtestad: Thon Hotell Jølster, Skei.

Saklista til friidrettstinget.

- Sak 1 Opning av tinget**
- Sak 2 Godkjenning av fullmaktene**
- Sak 3 Konstituering av tinget**
- Sak 4 Årsmelding 2016/17**
- Sak 5 Rekneskap 2016/17**
- Sak 6 Krinskontingent 2018**
- Sak 7 Krinskontingent 2019**
- Sak 8 Budsjett 2018**
- Sak 9 Budsjett 2019**
- Sak 10 Val etter lova for SFFIK**
- Sak 11 Handlingsprogram for SFFIK 2018-2020**
- Sak 12 Tid og stad for neste friidrettsting**
- Sak 13 Utdeling av prisar og heidersteikn**
- Sak 14 Avslutning**

Sak 1. Opning av tinget.

Opnings- og helsingstaler.

Sak 2. Godkjenning av fullmaktene.

Krinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner fullmaktene.

Sak 3. Konstituering av tinget.

A) Saklista.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner utsende sakliste.

B) Forretningsorden til tinget.

Styret sitt framlegg til Friidrettskrinstinget:

Friidrettskrinstinget godkjenner følgjande forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 vald dirigent. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det ved å løfte tildelt nummerlapp. Ordet vert gjeve etter tur.
Ordet vert gjeve frå utsendingane sin tilviste plass i møtesalen.
3. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida for innleiingsforedrag om saker med framlegg til vedtak i saklista, vert sett til maksimum 15 minuttar. Taletida elles vert sett til 5 min. andre og tredje gongen.
Representantar som krev ordet til forretningsorden har taletid i 1 minutt. Dirigenten har rett til å gjere framlegg om strek.
4. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram, etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til avrøysting.
5. Alle vedtak og val vert gjort med vanleg fleirtal, med dei unntak lova fastset. I alle val der det ligg føre meir enn eitt framlegg, vert det nytta skriftleg avrøysting. Alle andre avrøystingar vert gjort ved røysteteikn. Berre når dirigenten er i tvil, eller tinget krev det, vert det føreteke avrøysting ved namnoppprop.
6. I protokollen fører ein inn framlegg og vedtak, talet på røyster for og i mot dersom tinget krev det, og namnet på dei som hadde ordet i saka.
7. Protokollen vert underskriven av 2 valde representantar.

C) Val av dirigent.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Som dirigent vert vald:

Dagfinn Nyhammer, Fjellhug/Vereide IL

D) Val av sekretær.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Som sekretær vert vald: Merete Helgheim

E) Val av tellekorps.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Som tellekorps vert valde:

Linn Kathrin Bakke, styret i SFFIK.

Asgeir Årdal, administrasjon i SFFIK.

F) Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

To til å skrive under møteprotokollen:

G) Val av redaksjonsnemnd.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Val av redaksjonsnemnd:

Håkon Løseth, leiar

+ 2 repr etter framlegg frå tinget

Sak 4. Årsmelding 2016/17.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner årsmeldinga for 2016/17.

Sak 5. Rekneskap 2016/17.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner rekneskapen for 2016/17.

Overskot for 2016/17 vert tilført SFFIK sin frie eigenkapital.

Sak 6. Krinskontingent 2018

Det har siste tiårsperioden vore generell auke i krinskontingenten kun eit år. På bakgrunn av den økonomiske situasjonen i krinsen ser ein ikkje behov for å auke krinskontingenten.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Styret får fullmakt til å fastsetje retningslinjene for berekning av kontingent, det vert ikkje lagt inn generell auke i kontingenten for 2018.

Sak 7. Krinskontingent 2019

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Styret får fullmakt til å fastsetje krinskontingent 2019.

Sak 8. Budsjett 2018**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettstinget godkjenner budsjettforslaget for 2018.

Sak 9. Budsjett 2019**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret får fullmakt til å vedta budsjett for 2019.

Sak 10. Val etter lova for SFFIK.**Sak 11. Handlingsprogram for SFFIK 2018-2020**

Det er utarbeidd forslag til handlingsprogram for kommande tingperiode basert på strategisk plan i NFIF.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

På bakgrunn av innspel på tinget 2018 får styret fullmakt til å utarbeide handlingsprogram gjeldande frå 2018-2020. Ny rullering på handlingsprogrammet vert sak på tinget 2020.

Sak 12. Tid og stad for neste friidrettsting**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret får fullmakt til å avgjere tid og stad for neste friidrettsting i 2020.

Sak 13. Utdeling av prisar og heidersteikn**Sak 14. Avslutning**